

Det kgl. kultur- og kyrkjedepartement
Postboks 8030 Dep
0030 Oslo

Oslo, 5. september 2008

Kommentar til høringsutkast - forskrifter om tilskot til filmformål:

Vi syner til Kultur- og kyrkjedepartementets utkast til forskrifter om tilskot til filmformål datert 10. juli 2008, ref 2007/02370 ME/ME2 LAB:elt.

Dramatikerforbundet er i hovudsak nøgd med inndelinga av regelverket og at det er lagt opp til meir teknisk innretta underforskrifter for verkemiddelapparatet. Vi er også nøgde med at det på fleire punkt er formuleringar som tilgodeser kunstnarleg krevjande prosjekt i forskriftene.

KKD har bede om særleg merksemd kring spesielle punkt. Dramatikerforbundet vil kommentere følgjande:

- Dei ulike satsane og taka for utrekning av etterhandstilskotet, jf. utkast til forskrift om tilskot til audiovisuelle produksjonar kap. 4:

Dramatikerforbundet har ingen særskilde oppfattingar kring dei satsar og utrekningsmodellar som her er skisserte. Vi vil like vel rette merksemda mot denne ordningas svake punkt; at etterhandsstøtta, slik den er innretta i dag, et av potten til ordinære produksjonstilskot. Dette medfører årleg uvisse i høve til kontinuitet og planlegging av den kunstnarlege verksemda i produksjonsmiljøet. Ein bør derfor framleis sjå på måtar å kompensere for dette.

- Definisjonen av norsk audiovisuell produksjon, jf utkast til forskrift om audiovisuelle produksjonar 1 – 4g (1 – 6c)

Vi erkjenner behovet for å skjerme tilskotsmidla i eit kulturpolitisk perspektiv, men vil like vel rette merksemd mot at definisjonen ”norske interesser i utlandet eller forhold i utlandet som vedrører norske interesser” kanskje kan kome til å diskvalifisere enkelte prosjekt som t.d. internasjonalt orientert norsk dokumentarfilm.



- Innretting av tilskotet til arbeidsstipend jf utkast til forskrift om tilskot til manuskriptutvikling og utdanningsretta tiltak §8

Dramatikerforbundet finn ikkje stort å peike på i teksten her, og meiner dette er ei typisk felt for spesifiserande underforskrifter til Filminstituttet. Teksten som han står er open nok til å vidareføre dei ordningar som Filmutviklingen tidlegare har handsama, som td Veks I Prosjekt og andre stipendordningar/talentutviklingsprogram.

Vidare har Dramatikerforbundet følgjande å melde:

- Forskrift om tilskot til audiovisuelle produksjonar § 1 – 2:

Her står: ” Tilskuddet skal bidra til kontinuerlig (og kostnadseffektiv) produksjon...”

Vi meiner kravet om kostnadseffektivitet er overflødig og at det i verste fall kan tolkast i ei retning som fører til at produksjonar ikkje får tilgang på dei ressursane som krevst for å gjennomføre prosjektet på forsvarleg vis.

- Forskrift om tilskot til audiovisuelle produksjonar § 1 – 4e :

Vi finn det underleg at tilskot til TV-dramatikk skal avgrensast til berre å gjelde TV-seriar.

Vi meiner at det ville vere både naturleg og aktuelt for Filminstituttet å støtte enkeltstående TV-filmar også. Dette meiner vi er særleg viktig med tanke på talentutvikling – der potensialet i eit tettare samarbeid mellom film og TV-bransjen er stort i høve til å halde kontinuiteten oppe for dei kunstnarlege kreftene. Vi ser derfor gjerne at definisjonen av TV-dramatikk får ei opnare formulering. (Dette gjeld også § 1 – 4b i Forskrift om tilskot til manuskriptutvikling og utdanningsretta tiltak.)

- Forskrift om tilskot til audiovisuelle produksjonar § 2 – 7: tilskot til pakkefinansiert utvikling og produksjon av spillefilm

Her står følgande: Ved vurdering av og prioritering mellom søknader om tilskudd til produksjon skal det legges vekt på samarbeid mellom produsent, regissør (og manusforfatter) og på regissørens dokumenterbare kunstneriske resultater.

Vår kunstnargruppe er altså ikkje vurdert som fullverdig del av ein konstellasjon som kvalifiserer for pakkefinansiering. Dette meiner vi er direkte uheldig.



Det er ingen tvil om at produktive og vitale samarbeidskonstellasjonar også oppstår med basis i manuskriptforfattarens arbeid – og at å stimulere til dette er i filmproduksjonsmiljøets almene interesse. Det vil gi også vår kunstnargruppe større høve til langsiktig arbeid i direkte kontakt med det utøvande produksjonsmiljøet. For å syne til konkrete døme, vil vi nemne at spesielt innanfor TV-dramatikk er manusforfattarbaserte produksjonsmiljø i stor framgang (t.d. seriar som ”Six Feet Under, Krøniken, The Wire mm). Dei erfaringar og arbeidsmetodar som her er i virke vil heilt klart ha innverknad også på filmproduksjon.

Vi vil at KKD går attende til formuleringane som har figurert i tidlegare utkast. Det bør følgjeleg stå:

”Ved vurdering av, og prioritering mellom, søknader om tilskudd til produksjon, skal det legges vekt på samarbeid mellom produsent, regissør og/eller manusforfatter og på regissørens og/eller manusforfatterens dokumenterbare kunstneriske resultater.”

*I tillegg er vi skeptiske til om det er rett å stille same krav til både pakkefinansiert **utvikling** og **produksjon**.*

Det er formulert eit generelt krav om at selskapet har vori hovedprodusent på minst ein spillefilm dei siste fem åra før søknad om pakkefinansiering. Dette er sjølvsagt fornuftig med tanke på produksjon, men vi er redde for at kravet kan diskvalifisere nyetablerte, men potensielt vitale produksjonsselskap frå å få hand på verdifull finansiering til utvikling av prosjekt i ein oppstartsfase. Vi ber derfor om at KKD vurderer å differensiere kvalifikasjonskrava for dei uluke ordningane.

Til sist vil vi be KKD sjå nærare på formuleringane kring målsettinga om kjønnsballanse/likestilling i filmbransjen. Vi stiller oss sjølvsagt bak ambisjonen, men meiner at når kjønnsballanse ev er oppnådd, fell dette bort som prioriteringskriterium. (dette gjeld t.d. ovannemnde paragraf)

Med helsing
Norske Dramatikeres Forbund

Gunnar Germundson/s/
Forbundsleiar

Pål Giørtz
Generalsekretær
